

og Fiskarlagets Servicekontor AS avd. Vest

Bergen, 13.09.16

Vår ref. 931/16/BSI/5.7.12

Dykkar ref.

Norges Fiskarlag
Postboks 1233 Sluppen
7462 Trondheim

Att Jan Henrik Sandberg

e-mail

FORLAG TIL TILTAK FOR Å MOTVIRKE NEGATIVE MILJØEFFEKTER FRÅ BEHANDLING MOT LAKSELUS PÅ AKVAKULTURLOVENS VIRKEOMRÅDE

Viser til dykkar mail av 09.08.16 samt høyringsnotat av 21.06.16; «Forlag til tiltak for å motvirke negative miljøeffekter frå behandling mot lakselus på akvakulturlovens virkeområde».

I høve høyringsnotatet inneber endringsforslaga i hovudsak krav til; tømestad frå brønnbåt., bruk av kitinsyntesehemmere og vurdering av risiko for negative miljøeffekter og risikoreduserende tiltak.

Av dei forsøka ein har gjort med lakselusmidlar viser det seg at ulike organismar/fisk/skaldyr reagerer ulikt på ulike midlar. Det er òg mange faktorar som kan gje ulikt resultat; dose, kor lengde dei er eksponert og kor følsame dei er for middelet.

I notatet innrømmer ein òg at ein har eit manglande kunnskapsgrunnlag, særleg med omsyn på; effekt på non-target organismar, bruk av legemidlar i kombinasjon og auka doser av legemidlar.

I høve dokumentet «foreligger (det) per dags dato ingen klare veiledninger frå myndighetene om kva som aksepteres som miljømessig forsvarlig drift kva gjelder utslipp av legemidler ved behandling av lakselus (s. 8)...På grunnlag av omfattende legemiddelbruken, eksisterende kunnskap om miljøeffentene ved utslipp av legemidler mot lakselus og med henvisning til en føre-var-tilnærning, mener departementet at det vil være behov for meir konkrete regler som utfyller

normene som følger av akvakulturlovens §§ 10 og 12, og akvakulturdriftsforskriftens §§ 5 og 15. (s. 8).

Det står òg at «Norges overordnede forpliktelse etter OSPAR-konvensjonen er å beskytte sjøområdet mot skadevirkninger av menneslelig virksomhet...Klima- og miljødepartementet har vurdert at forslaget ikkje er i strid med dumpeforbudet i OSPAR-konvensjonen. (s.8)»
Fiskarlaget Vest stiller spørsmål ved denne avgjerda.

Hovudføremålet med høyringsdokumentet er «å forhindre uakseptable miljøeffekter med medikamentell behandling mot lakselus». (s. 3)

Når det gjeld departementet sin merknader til forslaga viser ein til at ein «i dag (har) tilstrekkelig indikasjonar på at naturmangfoldet blir berørt negativt av lusebehandlingsmidler...forslag til nye tiltak viss formål er å begrense de negative miljøeffektene.»

Når det gjeld punkt 1 om område for tømning av lusebehandlingsvatn frå brønnbåt meiner Fiskarlaget Vest at ein må ha soner der ein ikkje kan tømme avlusingsvatn i høve Fiskeridirktoratet sitt kartverktøy, t.d. reketrålfelt og gyteområde, for det blir vanskeleg å kunne seie at det er miljømessig forsvarleg å dumpe i godkjente droppsoner, da miljøtilstanden kan variere.

Departementet peikar på at akvakulturlovens § 12 uansett gjeld, og at badebehandlingsvatn frå brønnbåt utanfor forbodssona i alle tilfelle må gjennomførast på ein miljømessig forsvarleg måte når ein ikkje har indikatorar.

Korleis skal ein bevise at ein følgjer dette? Er det nok å ha AIS-bevis på at du har vore utanfor definerte forbodsområde?

I høve punkt 2, vilkår for bruk av kitinsyntesehemmarar, skal forslaget hindre akkumulering av kitinsyntesehemmere i sedimenta. NFD vil krevje at det skal gå minst 6 månader mellom kvar gang stoffa blir brukt, samt at det ikkje skal kunne nyttast ved lokalitetar med dårleg miljøtilstand. Stoffet skal heller ikkje nyttast nærare enn 1.000 m frå reketrålfelt.

Ein meiner at for å finne ut om ovannemnde krav som er føreslege er nok må ein drive forskning på det.

NFD føreslår å ta inn i § 15 i Akvakulturdriftsforskriften at ein skal forhindre «uakseptable effekter på det omkringliggende miljø.»

Fiskarlaget Vest stiller spørsmål til kor går grensa for uakseptabel effekt på omkringliggjande miljø?

Punkt 3, vurdering av miljøeffektar, krev at eigar må foreta ei vurdering av miljøkonsekvensane av aktiviteten, og kva ein kan gjere for å redusere negativ miljøpåverknad.

Me vil peike på at her vil vurderingane kunne variere, med same utgangspunkt, då kvar einskild eigar skal gjere si vurdering.

Fiskarlaget Vest forutset at òg bruk av kombinasjonsmetode o.l. blir ivaretatt, og at alle organismar, som har sin nytteverdi i økosystemet, samt fisk og skaldyr blir tatt omsyn til.

Ein vil peike på at om fleire lokalitetar ligg i nærleiken av kvarandre vil dei andre si avgjerd kunne påverke miljøtilstanden i området negativt, sjølv om eigar sjølv har sett inn reduserande tiltak. Slikt på det finnst ei avklaring på frå fiskeristyresmaktene si side.

Ovannemnde viser at det er svært vanskeleg å seie at oppdrettar driv miljømessig forsvarleg/uforsvarleg utan at det finst nokon konkrete indikatorar, som blir fulgt opp av forvaltinga. Det kan snart bli snakk om kun «skrivebords» miljøomsyn.

Ovannemnde viser òg at våre «Generelle merknader» i høve miljøomsyn er legitime, når me uttaler oss til enten nye lokalitetar eller utviding av biomasse:

«Fiskarlaget Vest meiner at det ikkje må førast ein bit for bit politikk frå styresmaktene, men at ein må vurdere kva eit større område toler av oppdrett i tillegg til anna utslepp til sjø.

Oppdrettsnæringa må i utgangspunktet velje gode lokalitetar, som ikkje er i konflikt med fiskerinæringa, slik at det ikkje blir slik at ein forureinar eit området for deretter å søkje om ny plass.

Fiskarlaget Vest meiner òg at styresmaktene må definere kva som er akseptabel negativ påverknad frå oppdrettsnæringa på anna næring, her villfisk. men ikkje berre vill laksefisk.

Fiskarlaget Vest vil minne om seiproblematikken, spesielt i høve til garnfiske.

Ein kan ikkje godta at styresmaktene seier at ein har ei berekraftig oppdrettsnæring om ein får kontroll på rømming og luseproblematikken.

Det er òg andre tilhøve som må takast med i ei slik vurdering. Deriblant m.a. bruken av kjemiske avlusingsmiddel. jf. rapport frå Havforskningsinstituttet om saka i januar 2013. IRIS i Stavanger har òg gjort nokon forsøk i høve bruk av einiskilde avlusingsmiddel i høve reke, jf. link: <http://www.nrk.no/nordland/bekymret-for-legemidler-i-oppdrett-1.11931728>.

Ein nyttar òg andre avlusingsmiddel, som ein gjerne ikkje kjenner konsekvensane av for det marine liv. I den samanhengen kan nemnast at ein har funne ut at kobbar (som er brukt på mêrdane) ikkje går saman med avlusingsmetoden ved bruk av hydrogenperoksid, jf. <http://kyst.no/nyheter/kobber-og-hydrogenperoksid-gar-ikke-godt-sammen/#.VyECUf8T9B0.gmail>

I høve miljø må ein òg ta med at mêrdane no blir spylt reine på lokaliteten, og den forureininga det utgjer.»

Fiskarlaget Vest ser det som svært viktig at ein tar på alvor, og finn ut av, kva konsekvensar bruken av medikamentell avlusingsmiddel har for økosystemet, spesielt når AS Norge har store planar om oppdrettsvekst i framtida.

I tillegg kjem arealkonflikten innad i næringa, og med andre næringar/brukarar av sjøområda.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt S. Instebo
Britt Sæle Instebo

Kopi pr. mail: Nærings- og Fiskeridepartementet
Fiskeridirektoratet
Fiskeridirektoratet region Sør
Fiskeridirektoratet region Vest
Miljødirektoratet
Fylkesmannen i Rogaland
Fylkesmannen i Hordaland
Mattilsynet
Rogaland Fylkeskommune
Hordaland Fylkeskommune